

## Saksprotokoll i 14.02.2020 - fylkesutvalet

**Noralv Distad (H)** sette på vegner av H, V, KrF, MDG fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. NorthConnect, vil leggja til rette for betydelege kutt i utslepp av klimagassar gjennom at fornybar kraft kan erstatta fossil kraft i Storbritannia, utvide marknaden og auke inntekter for norske kraftprodusentar og skape ein tryggare kraftforsyning. NorthConnect kan utløyse opprusting og nyinvesteringar i fornybar energi i Vestland.
2. At CO<sub>2</sub>-kompensasjonsordninga vidareførast også etter 2020 er ein føresetnad for at NorthConnect kan realiserast. Under føresetnad av at kraftkrevjande industriaktørar vert kompensert for auka straumprisar gjennom CO<sub>2</sub>-kompensasjon eller andre avgiftsreduksjonar, er Vestland Fylkeskommune for bygging av NorthConnect. Elavgifta for forbrukarar bør settast ned for å kompensere for prisauke på kort og mellom lang sikt.
3. Vestland fylkeskommune ynskjer Statnett inn på eigarside. Dersom kabelen byggast, må den overførast vederlagsfritt til Statnett etter 25 år, i tråd med anbefalinga frå NVE.
4. Vestland fylkeskommune rår til følgjande vilkår for drift av kabelen til Storbritannia:
  - a. Inntekter frå drift av kabelen må bidra til å styrke det norske sentralnettet.
  - b. Inntektene frå NorthConnect må regulerast slik at det vil være mogleg for jamleg overføring av ekstraordinære inntekter til Statnett, dersom slike inntekter oppstår.
  - c. Verdiskaping i involverte kommunar må prioriterast i prosjektet.
  - d. Det må utviklast naudsynte IKT-løysingar for å sikre god integrering med Statnett sine system. Det må fastsettast vilkår for forsvarleg regulering av kabelen gjennom ein systemdriftsavtale mellom systemdriftsansvarleg på både norsk og britisk side.
5. Vestland fylkeskommune ber OED vurdere moglegheita for å kople opp havvind til kabelen på norsk sokkel.
6. Slik situasjonen står no er tiltak omsøkt i konsesjonen i konflikt med automatisk freda kulturminne. Før evt. realisering av utbygging i høve til konsesjon i dei aktuelle areala, må tiltakshavar ha løyve/dispensasjon etter kml. § 8.1 for inngrep/frigjeving av det automatisk freda kulturminnet. Det vil bli knytt føresetnad om godkjent konsesjon til ein evt. dispensasjon. Det medfører at arkeologisk frigjevingsutgraving i medhald av § 8.1 i kulturminnelova ikkje kan gjennomførast før North Connect har fått omsøkt konsesjon vedteken.»

**Natalia Golis (MDG)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Punkt 1

Vestland fylkeskommune vil understreke at vi ikkje skal ha utbygging av vindkraft i urørd natur eller på bekostning av viktige verdiar knytt til natur, landskap, friluftsliv, kulturminner/kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med kommunestyrevedtak. Me vil heller ikkje tillate utbygging av kraftverk, herunder småkraftverk, i verna vassdrag.»

**Aleksander Øren Heen (Sp)** sette fram slikt forslag:

«Endring:

Erstatte ordet «feil» i siste setning i pkt 4 med «uheldig».)»

### Avrøysting

Golis sitt forslag fekk 2 røyster (KrF, MDG) og fall.

Distad sitt forslag fekk 6 røyster (H, V, MDG, KrF) og fall.  
Innstillinga punkt 1 vart vedteke mot 6 røyster (H, V, MDG, KrF).  
Innstillinga punkt 2 vart vedteke mot 6 røyster (H, V, MDG, KrF).  
Innstillinga punkt 3 vart vedteke mot 6 røyster (H, V, MDG, KrF).  
Innstillinga punkt 4 med Heen sitt forslag vart vedteke mot 6 røyster (H, V, MDG, KrF).  
Innstillinga punkt 5 fekk 1 røyst (SV) og fall.

### **Vedtak**

1. Vestland fylke rår i frå at det vert gitt konsesjon til NorthConnect til å byggja straumkabel frå Sima i Hardanger til Skottland.
2. Ein ny utanlandskabel til eit land med høgare kraftprisar vil generelt føre til auka kraftprisar i Noreg. NVE har berekna at i kraftprisane i Noreg vil auke med 1-3 øre per kWh i snitt over NorthConnects levetid (40 år). Dette vil føra til ein auka kostnad for alle elektrisitetsbrukarar i Norge, - både husstandar, næringsliv og offentleg sektor.
3. Kraftkrevjande industri er særskild viktig for mange kommunar og lokalsamfunn. Det er avgjerande at industrien, i eit høgkostland som Norge, ikkje vert påført auka kostnader i form av auke i kraftpris og nettleige slik bygging av denne kabelen vil føra til.
4. Det er mange planar for næringsetablering i Vestland som utløyser eit auka kraftbehov. I tillegg bør vår fornybare ressurs nyttast til å elektrifisere meir av industrien i Norge. Vestland fylke meiner difor det vert uheldig å eksportera denne ressursen ut av landet.